

# BACHELOROPPGÅVE

La orkidébarna vekse!

Let the orchid children grow!

Rebecca Vihovde

Kandidatnummer: 29

Barnehagelærarutdanning

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Rettleiar: Kirsten Helen Flaten

Innleveringsdato: 02.01.18

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. *Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10*

## Forord

Prosessen med oppgåva har gitt meg mykje kunnskap og informasjon, både i forhold til det å skrive bachelor, men òg temaet eg har vald å fordjupe meg i. Det overordna temaet mitt er særleg sensitive barn, og ut i frå dette har den ferdige problemstillinga blitt sjåande slik ut: ”Korleis kan personalet leggje til rette for ein god kvardag for dei særleg sensitive barna i barnehagen? Kva utfordringar kan personalet møte i forhold til dette?”.

Temaet eg har vald er relativt nytt, og eg tenkjer at det er svært relevant i dagens samfunn. Dette temaet bør kome meir fram og eg tenkjer at det er viktig å få meir fokus på det. Eg håpar med denne bacheloroppgåva at eg kan vise kva betyding det vil ha for det særleg sensitive barnet at ein tar personlegdomstrekket deira i betrakting når ein skal planlegge barnehagekvardagen.

Eg vil først og fremst takke vetele systera mi som min største inspirasjon til å skrive om eit så viktig og spennande tema. På grunn av at temaet er nytt og det ikkje er så mykje fokus på det, hadde eg aldri høyrd om det, hadde det ikkje vore for ho. Eg vil vidare takke rettleiaren min, Kirsten Helen Flaten, for god rettleiing undervegs i prosessen. Ho har vore til stor hjelp i utforming av oppgåva. Eg vil òg takke intervjupersonane som stilte opp og deltok i forskingsintervju, slik at eg fekk hjelp til å svare på problemstillinga.

## Innholdsfortegnelse

|  |           |
|--|-----------|
| <b>FORORD .....</b>                                  | <b>1</b>  |
| <b>1.0 INNLEIING .....</b>                           | <b>4</b>  |
| 1.1 BAKGRUNN FOR VAL AV TEMA .....                   | 4         |
| 1.2 PROBLEMSTILLING .....                            | 4         |
| <b>2.0 TEORIDEL .....</b>                            | <b>4</b>  |
| 2.1 KVA ER HØGSENSITIVITET?.....                     | 4         |
| 2.2 BARNEHAGEKVARDAGEN .....                         | 7         |
| 2.2.1 <i>Kvardagsaktiviteter</i> .....               | 8         |
| 2.2.2 <i>Førebuing</i> .....                         | 8         |
| 2.2.4 <i>Handtering av overstimulering</i> .....     | 9         |
| 2.2.5 <i>Handtering av intense kjensler</i> .....    | 9         |
| 2.2.6 <i>Trygge vaksne</i> .....                     | 9         |
| <b>3.0 METODE .....</b>                              | <b>10</b> |
| 3.1 VAL AV METODE .....                              | 10        |
| 3.1.1 <i>Semistrukturert intervju</i> .....          | 11        |
| 3.2 VAL AV INTERVJUPERSONAR .....                    | 11        |
| 3.3 PILOTSTUDIE .....                                | 11        |
| 3.4 GJENNOMFØRING AV INTERVJU .....                  | 12        |
| 3.5 VALIDITET OG RELIABILITET .....                  | 12        |
| 3.6 ETISKE OMSYN .....                               | 13        |
| 3.7 KJELDEKRITIKK.....                               | 13        |
| <b>4.0 PRESENTASJON AV EMPIRI.....</b>               | <b>13</b> |
| 4.1 OMGREPET SÆRLEG SENSITIV .....                   | 14        |
| 4.2 TRYGGLEIK .....                                  | 14        |
| 4.3     BARNEHAGEKVARDAGEN .....                     | 15        |
| 4.3.1 <i>Små grupper</i> .....                       | 15        |
| 4.3.2 <i>Overgangar og førebuing</i> .....           | 15        |
| 4.3.3 <i>Foreldresamarbeid</i> .....                 | 16        |
| 4.3.4 <i>Kvardagsaktiviteter</i> .....               | 16        |
| 4.3.5 <i>Vikarar</i> .....                           | 17        |
| <b>5.0 DRØFTING AV EMPIRI.....</b>                   | <b>17</b> |
| 5.1 OMGREPET SÆRLEG SENSITIV .....                   | 17        |
| <b>5.2 TRYGGLEIK .....</b>                           | <b>18</b> |
| 5.3 BARNEHAGEKVARDAGEN .....                         | 18        |
| 5.3.1 <i>Små grupper</i> .....                       | 18        |
| 5.3.2 <i>Overgangssituasjonar og førebuing</i> ..... | 19        |
| 5.3.3 <i>Foreldresamarbeid</i> .....                 | 19        |
| 5.3.4 <i>Kvardagsaktiviteter</i> .....               | 19        |
| 5.3.5 <i>Vikarar</i> .....                           | 20        |
| <b>6.0 AVSLUTNING .....</b>                          | <b>21</b> |
| 6.1 KONKLUSJON .....                                 | 21        |
| 6.2 VEGEN VIDARE .....                               | 21        |
| <b>KJELDELISTE .....</b>                             | <b>23</b> |
| <b>VEDLEGG 1 .....</b>                               | <b>25</b> |
| INTERVJUGUIDE .....                                  | 25        |
| <i>Innleiing</i> .....                               | 25        |
| <i>Tilrettelegging i barnehagen</i> .....            | 25        |

|  |           |
|--|-----------|
| <i>Foreldresamarbeid</i> .....                     | 25        |
| <i>Belastning eller ressurs?</i> .....             | 25        |
| <b>VEDLEGG 2 .....</b>                             | <b>26</b> |
| FØRESPURNAD OM DELTAKING I FORSKINGSPROSJEKT ..... | 26        |
| "LA ORKIDÉARNA VEKSE!" .....                       | 26        |
| <i>Formål</i> 26                                   |           |
| <i>Datainnsamling</i> .....                        | 26        |
| <i>Etiske omsyn</i> .....                          | 26        |
| <i>Frivillig deltaking</i> .....                   | 26        |
| <i>Min rettleiar</i> .....                         | 26        |
| <i>Samtykke</i> .....                              | 26        |

## 1.0 Innleiing

### 1.1 Bakgrunn for val av tema

Eg har vekse opp med ei syster som er særleg sensitiv, og eg har sett korleis ho reagera i ulike situasjonar. Eg følar at eg med dette kan ha eit fortrinn, då eg har vekse opp med dette heime hjå meg. Oppgåva skal hjelpe meg til å prøve å forstå ho betre, noko eg trur at kan føre til mykje lærings for meg sjølv både privat og i jobbsamanheng. Samtidig tenkjer eg at oppgåva kan vere med på å informere andre menneskar om eit viktig tema.

I rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver står det at barna i barnehagen skal oppleve å bli forstått, respektert, å bli sett og å få hjelp og støtte som dei har behov for utifrå eigne føresetnadar (Utdanningsdirektoratet, 2017, s.19). ”Barnehagen skal gi rom for barnas ulike føresetnader, perspektiv og erfaringar og bidra til at barna, i fellesskap med andre, utviklar eit positivt forhold til seg sjølve og tru på eigne evner” (Utdanningsdirektoratet, 2017, s.8). Korleis kan ein sjå alle barna ut i frå den dei er, om ein ikkje forstår alle og ikkje har kunnskap om dei? Eg har eit inntrykk av at det er for lite kunnskap om særleg sensitive barn rundt om i barnehagane. Dette kan føre til at desse barna kan oppleve vanskar med å vere i barnehagen. Eg veit at det er fleire særleg sensitive barn i barnehagane, og at det er mange vaksne som ikkje forstår desse barna. Dette gjer at dei kanskje blir misforstått, og at dei blir sett på som eit problem framfor ein ressurs.

### 1.2 Problemstilling

Med utgangspunkt i temaet særleg sensitive barn har eg kome fram til følgjande problemstilling:

**Korleis kan personalet leggje til rette for ein god kvardag for dei særleg sensitive barna i barnehagen? Kva utfordringar kan personalet møte i forhold til dette?”**

## 2.0 Teoridel

### 2.1 Kva er høgsensitivitet?

Ein av dei fremste forskarane på høgsensitivitet er Elaine Aron. Ifølgje Aron (2017, s.37) er eit høgsensitivt individ født med tendensar til å tenke mykje før dei handlar og å registrere meir av omgjevnadane, samanlikna med individ som handlar spontant, impulsivt og tenkjer mindre over det som skjer. Sensitive individ, dette gjeld både barn og vaksne, er som regel oppvakte, intuitive, empatiske, samvitsfulle og forsiktige.

Ifølgje Aron (2017, s.13) er det fire personlegdomstrekk som er tilstade hos eit individ som er som er høgsensitivt:

1. Djuptgåande omarbeiding av sanseinntrykk
2. Å ha lett for å bli overstimulert
3. Å ha sterke emosjonelle reaksjonar samtidig som ein er spesielt empatisk
4. Å vere sensitiv for subtile stimuli.

Djuptgåande omarbeiding av sanseinntrykk går ut på at ein som er høgsensitiv blir lett overstimulert og fangar opp små detaljar, og brukar lang tid på å reflektere og omarbeide det dei fangar opp. Refleksjonen skjer som regel uvisst, men ein kan sjå det igjen i dei djupe spørsmåla barnet stiller, om barnet brukar vanskelege ord for alderen, den humoristiske sansen, problem med å ta avgjerd eller om barnet brukar lang tid på nye situasjonar, då barnet har behov for å tenke igjennom situasjonen før det eventuelt vel å gå inn i den. Alle barn vil ikkje ha alle særprega, men ein stor del av dei vil vise teikn på at dei tenkar djupare over alt som skjer.

Ein som er høgsensitiv er mykje meir merksam på kva som skjer, både innvendig og utvendig. Dette gjer at ein blir fortar mentalt sliten, noko som kan førar til at ein blir fysisk sliten. Å bli sliten, overstimulert og trøytt av inntrykk er det normalt at fleire blir, men det er i mykje større grad tilfelle hjå høgsensitive barn. Dei tenkjar mykje meir over alt som skjer og alt som er nytt, samt registrera mykje meir i skilnad til andre barn. Ein ubezagelig biverknad av å omarbeida alt i djupn blir dermed overstimulering. I barnehagekvarden kan ein sjå overstimulering på mange forskjellige områder. Barnet kan ha store reaksjonar på smerte eller forandring, høge lydar kan nærmast opplevast som fysisk smerte, dei klagar over kulde, varme, våte klede, klede som klør og småstein i skoen. Ein kan oppleve at dei har behov for å leike stille eller å trekke seg tilbake (Aron, 2017, s.14).

Eit høgsensitivt individ har sterke emosjonelle reaksjonar, noko som kan gjere at dei er svært empatiske. Djupgåande omarbeiding av kjensler har kjenslemessige reaksjonar nært knytt til seg. Særleg sensitive ban er meir engasjert i det som skjer, og dette gjer at dei har lettare for å hugse og observere viktige lærdommar. I sosiale samanhengar blir dette synleggjort ved at dei visar innleiving, altså visar forståing for kva den andre følar og for kva den andre gjer. Empati vil her spele ei stor rolle og dette vil i kombinasjon med sterke kjensler gje medkjensle og

forståing (Aron, 2017, s.17). Empati er i følgje Malt (2015) evna til å setje seg inn i andre sine kjenslemessige reaksjonar og tilstandar.

Dei høgsensitive er merksemde på subtile stimuli. Dette vil sei at dei er meir merksemde på udefinerbare lukter, lydar og detaljer. Dei registrera meir, men dette tyder ikkje nødvendigvis at dei har betre auge-, øyre, smak- eller luktesans. Informasjonen blir stort sett grundig omarbeida av hjernen. Samtidig har høgsensitive personar raskare refleksar, som kjem som ein reaksjon i ryggmargen. Dette gjer at smerte, stimuli og medisinering påverkar dei meir.

At det høgsensitive individet registera meir går ut på at dei har eit høgre nivå av kjensler og tankar som omarbeida inntrykka, og dei klarar å peike ut hårfine nyansar, noko som kan gjere det vanskeleg å skilje mellom subtile stimuli og djuptgåande omarbeiding av sanseintrykk (Aron, 2017, s.18).

Kvart femte barn er født med personlegdomstrekket høgsensitiv. Eit høgsensitivt barn har eit nervesystem som er uvanleg fintfølande, og som gjer dei ekstra mottakeleg for sanseintrykk. Omlag 70 prosent av dei høgsensitive blir oppfatta som forsiktige og tilbaketrekte, mens omlag 30 prosent blir oppfatta som utåtvende og spenningssøkande. Det skil ikkje noko på kjønn kring dei høgsensitive, då det er like mange gutter som jenter som er høgsensitive.

Fleirtalet treng ro og stillheit. Dei treng tid for å vurdera ein situasjon før dei tar sjansen eller kastar seg ut i noko. Dei har behov for å trekke seg tilbake om det skjer for mykje på ein gong, og dei er ettertenksame, og treng tid til omarbeiding av alt som har skjedd.

Dei som søker spenning, har ein trong for å vere i aktivitetar som byr på fart og spenning. Dei opnar alle sansane sine, og søker gjerne mot det ukjente. Døme på dette er at dei vil møte mange nye menneske og gjerne prøve ut nye ting. Sjølv om dei kan vere svært utåtvende, har dei på same måte som fleirtalet, behov for å trekke seg tilbake og vere heilt åleine. Ein utfordring vil sjølvsagt vere korleis ein skal finne balansen mellom trøng til aktivitet og behovet for stillheit og ro.

Kva grad barnet er sensitivt, vil variere frå barn til barn. Faren for at barnet kan bli overstimulert er stor, då barnet tar inn fleire inntrykk enn fleirtalet. Blir det for mange

sanseinntrykk, klarar kanskje ikkje barnet å omarbeide alt, begeret blir fult, og dette kan kome til uttrykk gjennom apati og tilbaketrekning eller raserianfall (Svatun, 2017, s.16-17).

Eit høgsensitivt individ har lettare for å bli overvelta om det er for mange inntrykk eller høg lyd. Dette gjer at dei prøvar å unngå situasjonar kvar dette kan førekome, og kan av andre bli oppfatta som sjenerete, som ein festbremse eller forsagte. Det er ikkje alltid like enkelt å unngå å bli overstimulert, og då gir ein høgsensitiv person eit inntrykk av å vere svært følsam eller å vere lettare såra (Aron, 2017, s.37).

## 2.2 Barnehagekvardagen

Alle barn har behov for tryggleik og omsorg, men om eit sensitivt barn ikkje får tilfredsstilt behova sine, vil dei vere blant dei mest sårbare og utsette barna i fellesskapet. Det er viktig at vi tar omsyn til varleiken deira. Gjer vi ikkje det, vil dette barnet bli sett på som eit individuelt unntak på grunn av at barnet ikkje klarar å roe seg ned og er blitt overstimulert. Dette kan føre til at barnet blir beskrive som noko negativt. Døme på dette er at barnet kan bli stempla som vanskeleg, var eller nærtakande av anten dei vaksne i barnehagen eller dei andre barna. Dette kan sjølvsagt påverke korleis barnet ser på seg sjølv, og den vaksne vil kanskje ikkje klare å sjå potensialet i barnet eller barnets positive side (August, Faye-Schøll & August, 2016, s.15).

I følgje August, Faye-Schøll & August (2016, s. 47) kan ein betre kvaliteten i den daglege praksisen om ein tar omsyn til barnets personlegdomstrekk, framfor å fokusere på diagnosar. Ein vil sjeldan merke dei sensitive trekka i kvardagslivet når det særleg sensitive barnet tilpassar seg positivt og trives (August, Faye-Schøll & August, 2016, s.16).

I barnehagekvardagen har dei særleg sensitive barna behov for å observere før dei sjølv bestemmer seg for om dei vil delta eller ikkje. Det særleg sensitive barnet ser ann situasjonen, stoppar opp og førebur seg grundig på deltaking i ein situasjon. Etterpå blir det brukt mykje tid på å tenke igjennom og vurdere det som har skjedd. Dette er rotfesta i barnas nervesystem (August, Faye-Schøll & August, 2016, s.27). Knytt til leikesituasjonar står dette svært sentralt, og på denne måten kan dei oppdage om det er likekameratar som er dominerande eller om det er nokre barn som har det vanskeleg (August, Faye-Schøll & August, 2016, s.150).

### 2.2.1 Kvardagsaktiviteter

Dei kan på lik linje som andre barn delta i kvardagsaktiviteter, og dei har føresetnad for å klare seg strålande. Lærar ein seg å forstå dei kjenslevare reaksjonane, kan både barnet sjølv og andre vise omsyn slik at barnet kan utvikle seg og ei positiv tilpassing (August, Faye-Schøll & August, 2016, s.24).

Særleg sensitive barn er ofte dei som først reagera på støy. Korleis påverknad støyen har på ein person, heng saman med om ein opplev situasjonen som meiningsfull, trygg og handterbar. Er personane rundt merksemd på at dei særleg sensitive barna har eit større behov for omarbeiding og psykologisk støtte enn andre, samt støttar dei i å regulere kjenslene, vil dei særleg sensitive barna takle utfordringane langt betre (August, Faye-Schøll & August, 2016, s.25).

Strand (2015, s. 23) skriv at alle ikkje treng å vere med på alt, og stiller spørsmål til om ein kan gje dei særleg sensitive barna eit anna tilbod når det er store tilstellingar. Å lage små grupper kan vere lurt. Dette kan gi rom for det særleg sensitive barnets kreative utfolding og djupe omarbeiding. Ho trekk fram at å samarbeide med foreldra og prate med dei på førehand kan vere lurt, samtidig som ein kan prat med barnet, og inngå avtalar. Dette kan vere med på å gje barnet ein tryggleik, og barnet vil føle seg forstått. Eit særleg sensitivt barn vel gjerne bort aktivitetar, og då er det viktig at ein finn ein balanse mellom å la barnet bli utfordra, samtidig som ein beskytta barnet. Eit særleg sensitivt barn treng gjerne meir tid på førehand, og grundig forklaring før han eller ho vil gå ut i nye situasjonar og prøve nye aktivitetar. At barnet lærer å setje ord på kjenslene sine vil stå sentralt.

### 2.2.2 Førebuing

Å førebu barnet på kva som skal skje, kan vere til stor hjelp. Eit særleg sensitivt barn kan reagere på forandringar, difor kan det vere lurt at det blir minst mogleg forandringar, og at barnet veit kva som skal skje på førehand. Noko anna som kan vere viktig er å gje barnet val. Dette rådet er med på å redusere motviljen til barnet og kjensla av maktlausheit. Dette kan vere med på å styrke barnets sjølvkjensle samtidig som det kan spare ein for tid i det lange løpet (Aron, 2017, s.211).

At det særleg sensitiv barnet følar at det kan meistre forandring står sentralt i barnehagekvardagen. I denne samanhengen vil det for eit særleg sensitivt barn være svært

sentralt at ein klarar å skape smidige overgangar slik at barnet opplev dette på ein god måte. I barnehagen er det overgangar frå ein situasjon til ein anna heile tida, og det særleg sensitive barnet vil ha behov for kyndig hjelp frå dei vaksne i barnehagen. Ein overgang kan føre med seg kompliserte sanseopplevelingar for eit særleg sensitivt barn (Aron, 2017, s.210).

#### 2.2.4 Handtering av overstimulering

Noko som kan vere viktig for eit særleg sensitivt barn er at barnet får lære korleis han eller ho skal handtere overstimulering. Overstimulering kan skuldast ein lang og spennande dag med mange impulsar, men òg forandringar. Det er viktig at dei tilsette i barnehagen lærar seg signaler på overstimulering, slik at dei kan møte barnet på best mogleg måte når barnet er overstimulert. Korleis kvart barn reagera vil vere individuelt, men vanlege kjenneteikn er å protestere, sutring, irritasjon, barnet blir opphissa, gnir seg i auga eller at barnet nektar å ete, sjølv om barnet er svolten. Å gje barnet små pausar kan ha ein positiv effekt, slik at barnet kan fortsette med aktiviteten. Barnet vil ikkje alltid klare å fortsette utan pause (Aron, 2017, s.212).

#### 2.2.5 Handtering av intense kjensler

Det er viktig at den vaksne bevara roen i situasjonar kvar barnet har reaksjonar, då det er barnet som er ute av kontroll. Den vaksne må prate rolig til barnet, og vere vennleg. Å setje ord på kva som skjer, og hjelpe barnet med å forstå sine eigne kjensler, for at barnet skal forstå kvifor reaksjonen er som den er. På denne måten kan den vaksne vere med på å finne kjelda til reaksjonen. Det viktigaste i ein slik situasjon vil vere at den vaksne klarar å hente barnet inn igjen, og klarar å roe ned sinnstilstanden til barnet. Den vaksne må møte barnet der barnet er (Aron, 2017, s.214-215).

Eit særleg sensitivt barn har på same måte som andre barn, behov for å bli irettesett og korrigert, men det handlar om korleis den vaksne gjer det. Den vaksne må lære seg korleis dette blir gjort på ein god måte, då det særleg sensitive barnet vil ta korrigeringa di som eit overordna bodskap om barnets verdi som menneske (Aron, 2017, s.141).

#### 2.2.6 Trygge vaksne

Det sensitive barnet har eit meir påtrengande behov for tryggleik (August, Faye-Schøll & August, 2016, s.100). Gjennom åra i barnehagen kan ein forvente at dei særleg sensitive barna vil vere meir påverka og avhengige av trygg kontakt til dei vaksne (August, Faye-Schøll &

August, 2016, s.143). Korleis barnet opplev tryggleiken vil avhenge både av det personlege forholdet til barnet og den vaksne, men òg kvar rettferdig og godt barnet opplev at barnegruppa blir regulert av den vaksne. Det sensitive barnet er svært påverkeleg i om den vaksne sikrar høg kvalitet i samspelet sitt med barna (August, Faye-Schøll & August, 2016, s.100). I barnehagen vil det vere viktig for det særleg sensitive barnet at det opplev tillit i forhold til at den vaksne regulerer samspelet sitt med barna på ein føreseieleg og rettferdig måte. Samtidig er det viktig at barnet opplev at den vaksne er lydhøyr i ein til ein samspel (August, Faye-Schøll & August, 2016, s.143).

## 3.0 Metode

”En metode er en framgangsmåte, et middel til å løse problemer og komme frem til ny kunnskap. Et hvilket som helst middel som tjener formålet, hører med i arsenalet av metoder” (Aubert & Alstad, 1985, s. 196). Metoden skal fungere som eit reiskap når ein skal undersøke noko. Metoden skal hjelpe oss med å få den informasjonen vi treng, som vi gjer med å samle inn data (Dalland, 2017, s.52).

### 3.1 Val av metode

Kvalitativ eller kvantitativ metode er dei vanlege metodane å nytte innan forsking. Både den kvalitative og kvantitative metoden har som formål å samle inn data. Når ein skal velje metode må ein tenkje på kva måte som er best for omarbeidning av data.

For å svare på problemstillinga nytta eg ein kvalitativ metode. Ifølgje Dalland (2017, s.52) er kvalitativ metode å fange opp oppleveling og meining som ein ikkje kan måle eller talfeste. Ei kvalitativ tilnærming er open og fleksibel, og eignar seg om ein vil gå i djupn og om ein ynskjer å utvikle ny kunnskap. Formålet med intervjuet var å få ei djupare forståing og meir kunnskap om dei særleg sensitive barna, korleis ein kan leggje til rette for ein god kvardag for dei i barnehagen og kva utfordringar ein kan møte.

I kvalitativ studiar nyttar ein omgrepet gjennomsiktigkeit som handlar om at forskaren grunngjev konklusjonane, gjennom å syne fortolkingane sine. Ved å la intervupersonen snakke fritt kan det kome opp mange moglegheiter for å korrigere og rette på spørsmål, slik at ein kan syne viktige moment som ein ikkje hadde tenkt over på førehand. Å vere fleksibel og endre spørsmåla undervegs, kan bidra til meir informasjon, slik at ein kan trekke gode og relevante slutninga (Larsen, 2017, s.94).

### **3.1.1 Semistrukturert intervju**

Eg nytta eit semistrukturert intervju i oppgåva. Ein formulera på førehand ferdige spørsmål, men under intervjuet er ein fleksibel med tanke på rekkefølgje og ved å stille oppfølgingsspørsmål, slik at intervjugersonane kunne utdjupe det som blei sagt (Larsen, 2017, s.99). Intervjuguiden bestod av 11 spørsmål (vedlegg 1).

### **3.2 Val av intervjugersonar**

I følgje Dalland (2017, s.65) er ein intervjugerson nøytral, det seier berre noko om at nokon blir observert. Det er opp til oss sjølv å forklare kvifor vi valde denne personen. For å minske avstanden mellom den som blir intervjeta og intervjuaren, brukar ein ikkje informant, respondent eller intervjuobjekt. Brukar ein intervjugerson synar ein eit ynskje om aktiv deltaking frå den som blir intervjeta (Dalland, 2017, s.65). Difor valde eg å bruke omgrepet intervjugerson.

I Dalland (2017, s.74) står det om å gjere strategiske val. Dette vil seie at ein vel intervjugersonar ut frå kunnskap eller erfaringar dei har. Eg valde intervjugersonar med mykje erfaring og kunnskap knytt til problemstillinga. Eg intervjeta tre pedagogiske leiarar då det er dei som skal leggje til rette for barna i barnehagen.

### **3.3 Pilotstudie**

Befring (2014, s.36) referera til pilotstudie som ei forundersøking. Denne forundersøkinga skal fungere som ein hjelp, og gjennom pilotstudie kan ein få innsikt i kva som er gode eller därlege spørsmål (Larsen, 2007, s.46). Samtidig kan ein sjå om spørsmåla er forståelege, og den vil vere med på å formulere relevante spørsmål (Befring, 2014, s.36). På denne måten kan ein justere spørsmåla slik at dei blir best mogleg og slik at ein kan justere dei slik at dei blir forståelege for intervjugersonane.

Etter gjennomføringa av pilotstudie med ein pedagogisk leiar, sat eg igjen med tanken om at spørsmåla ikkje ville vere forståelege om ein ikkje har kunnskap og erfaring med særleg sensitive barn. Intervjugersonane eg valde ut til intervjuet mitt arbeidar nært med særleg sensitive barn. Eg hadde ein tanke om at kunnskap og erfaring er ulik, sjølv om ein arbeidar tett med dette, og at dette kunn gje meg svar av ulike typar.

### 3.4 Gjennomføring av intervju

Ifølgje Larsen (2017, s.101) er det vanleg å starte med bakgrunnsspørsmål i eit intervju. Desse spørsmåla kan fungere som ein mjuk inngang til intervjuet. Eg delte ikkje ut intervjuguiden på førehand, då eg ville ha ærlege og spontane svar frå intervjupersonane. I etterkant har eg sett at eg med fordel kunne delt ut intervjuguiden på førehand, då dette kunne gitt meg enda meir grundige og reflekerte svar.

Gjennom intervjuet skulle intervjuguiden fungere som eit hjelpemiddel til meg sjølv under intervjuet, og eg stilte oppfølgingsspørsmål om dei sa noko eg følte var relevant og eg ville gå i djupn på. Eg valde og ikkje setje ei tidsavgrensing til intervjuet på grunn av at eg ikkje ville at intervjupersonane skulle føle seg bunden av klokka. Då valde eg heller å signalisere at eg hadde fått belyst spørsmåla mine. Jacobsen (2010, s.100) trekk fram at dette er ein måte å gjere det på, og at det kan vere lurt å stille eit avsluttande spørsmål, for å høyre om intervjupersonen har noko meir å tilføre. På denne måten unngår ein at intervjupersonane sitt igjen med informasjon som dei ynskjer å fremje, og som det kanskje ikkje blir gitt rom for. Eg stilt eit slikt spørsmål til intervjupersonane, og alle kome med fleire tankar som var relevante for temaet.

### 3.5 Validitet og reliabilitet

Validitet går ut på om informasjonen har gyldigheit eller relevans. Larsen (2017, s.93) skriv at validitet i kvalitative studiar går ut på om dei er stadfestande, truverdige eller har ein overføringsverdi. Validitet i dei kvalitative studiane går ut på om ein undersøker det ein skal undersøke. Her blir det altså viktig å tenkje over om ein har grunnlag for å trekke slutningane i høve til datainnsamlinga ein har hatt (Larsen, 2017, s.43-44).

Det er ikkje alltid enkelt å sikra høg reliabilitet i kvalitative undersøkingar. Ifølgje Larsen (2017, s.94-95) dreier reliabilitet seg om pålitelegheit eller nøyaktigkeit på botn av prosessen. Intervjupersonen bli påverka av intervjuauren og situasjonen, dette kan ha noko å seie for kva som blir sagt der og då. I kvalitative studiar blir reliabilitet knytt til truverdigheit. Om datainnsamlinga har samsvara med vanlege føresetnadane og om datainnsamlinga har vært systematisk handlar om truverdigheita. Gjennom omarbeiding av data vil det vere viktig at ein ikkje blandar saman kven som har sagt kva for å sikre høg reliabilitet. Ein kan òg sikre høg reliabilitet ved å la fleire gjennomføre intervjuar.

### 3.6 Etiske omsyn

Gjennom oppgåva var det viktig å ta etisk omsyn til intervupersonane, m.a. gjennom informert samtykke. Dette går ut på at intervupersonane deltar frivillig i undersøkinga, og at intervupersonane veit om gevinstar og farar deltakinga kan føre til (Jacobsen, 2010, s.31). Før intervju starta leverte eg ut informasjonsskrivet, gjekk grundig igjennom dette, og intervupersonane fekk skrive under før vi starta. På denne måten hadde vi det skriftlig, eg var sikker på at intervupersonane forstod formålet med oppgåva, og at dei på denne måten kunne trekke seg når som helst.

Eg hadde på førehand forhøyd meg om det var greitt å nytte lydopptak, og eg forsikra intervupersonane om at alt ville bli sletta etter at eg hadde skrive ferdig oppgåva.

For å bevare intervupersonane sin anonymitet, blir dei kalla intervuperson 1, 2 og 3. Eg har også utlatt kommunen, fylke og alder, då det er irrelevant for oppgåva.

### 3.7 Kjeldekritikk

I følgje Larsen (2007, s.71) kan intervjuaren ha stor påverknad på intervupersonen gjennom ytre kjenneteikn eller oppførsel. Dette kan bli synleggjort gjennom reaksjonane til intervjuaren, slik at intervupersonen endrar svaret sitt. Jacobsen (2010, s.155) kallar dette for intervjuar- eller observatøreffekt.

Kontekst kan ha betyding for informasjonen som blir samla inn. Her skil Jacobsen (2010, s.156) mellom kunstig og naturleg kontekst. I intervju mine nytta eg meg av ein kontekst som var naturleg for intervupersonane, men svakheitar med dette kan vere at det kan opplevast utfordrande for intervjuaren å få innpass i ein slik kontekst. Naturlege kontekstar kan innehalde element av forstyrring som kan vere med på å påverke intervjuet. Jacobsen (2010, 157) peikar på at det ikkje er eit klart svar på korleis kontekstane påverkar resultatet, men at intervjuaren må drøfte og reflektere konteksten og på kva måte den kan påverke resultatet.

## 4.0 Presentasjon av empiri

Empiri er ifølgje Jacobsen (2010, s.17) ei røynd som består av både subjektive og objektive oppfatningar. Eg har delt datainnsamlinga inn i 3 hovuddelar. Intervupersonane er blitt

anonymisert og vil bli referert til som intervjuperson 1, 2 og 3. I empirien presenterer eg funn, samt ta med nokre sitat frå intervjupersonane. Sitata er skrive på nynorsk, slik at eg på denne måten tar vare på anonymitet til intervjupersonane. Eg har vald å presentere funn som er relevante for problemstillinga mi: ”Korleis kan personalet leggje til rette for ein god kvardag for dei særleg sensitive barna i barnehagen? Kva utfordringar kan personalet møte i forhold til dette?”

#### 4.1 Omgrepet særleg sensitiv

Forståinga for omgrepet er ulik blant intervjupersonane, men dei har alle ei felles forståing for at det ikkje er nok kunnskap om dette ute i barnehagane. Intervjuperson 1 sa at dei særleg sensitive barna kan opplevast som sjenerete og vare for lydar. Vidare nemnde ho at dei treng trygge vaksne, og at dei er avhengige av å ha ein voksen rundt seg hile tida, i alle fall å vite kvar ein voksen er. Nokre gonger har ho opplevd at det særleg sensitive barnet kan ha vanskar for å skilje seg frå mora eller faren på morgonen, og at barnet tidleg byrjar å vente tidleg på at dei skal bli henta frå barnehagen.

Intervjuperson 2 opplev at det er viktig at dei vaksne sett seg inn i korleis det særleg sensitive barnet har det, og at det vil vere ein fordel at ein lærar å forstå barnet og deira kvardag. Vidare at han opplever at dei særleg sensitive barna tar inn meir sanseintrykk enn andre barn.

Intervjuperson 3 opplev at dei særleg sensitive barna er sensitive ovanfor høge lydar, om det skjer mykje i barnehagen og at dei brukar mykje tid på observasjon. Knytt til observasjon trekk ho fram at det særleg sensitive barnet trekk seg bort frå store folkemengder, og at barnet har behov for å observere situasjonen. Ho opplev at barnet studera den vaksne og handlingane som den vaksne utførar.

#### 4.2 Tryggleik

Gjennom intervjuha hadde alle intervjupersonane fokus på god tilknyting, trygge vaksne og tryggleikssirkelen, og var samde om at dette er noko som er viktig i møte med dei særleg sensitive barna.

## 4.3 Barnehagekvardagen

### 4.3.1 Små grupper

Intervjupersonane var samde om at å arbeide i små grupper vil fungere best for dei særleg sensitive barna. Intervjuperson 1 svara at det gjerne er lurt å dele inn i små grupper, og heller utvide etterkvart. ”Eg tenkjer at barn fungerer best i mindre grupper, og at barn ikkje har behov for å vere alle i lag heile tida”. Alle intervjupersonane var samde om at ein kan starte med dei små gruppene, og at ein etterkvart kan utvide, og hjelpe barnet på vegen vidare.

### 4.3.2 Overgangar og førebuing

Intervjupersonane var samde om at overgangssituasjonar kan vere krevjande for eit særleg sensitivt barn, og at det vil vere viktig at ein førebur barnet på førehand. Intervjuperson 1 sa at førebuing er noko av det viktigaste ein kan gjere, og at for eit særleg sensitivt barn vil det vere viktig å vite kva som skal skje på førehand. Dette gir ein tryggleik og barnet kan på denne måten forut sjå kva som skal skje denne dagen i barnehagen. Intervjuperson 1 var veldig klar på at overgangssituasjonar kan vere svært vanskelege om det særleg sensitive barnet ikkje var førebudd på situasjonen på førehand. ”At vi plutselig skal avslutte leiken, også skal vi ete. Eg trur då at å førebu er eit nøkkelord, at dei veit kva som skal skje, for endringar kan vere vanskeleg, det er då usikkerheita kjem fram”. Knytt til overgangssituasjonar sa intervjuperson 2 at ”overgangssituasjonar vil alltid ha eit visst kaos element. Det vil i alle all opplevast som kaotisk for ein som er høgsensitiv. Ein kan prøve å gjere det best mogleg for dette barnet”. Intervjuperson 3 sa at overgangssituasjonar knytt til at personalet skal gå heim kan vere vanskelege for det særleg sensitive barnet. Andre overgangssituasjonar som kan opplevast som vanskelege er når ein skal gå inn etter at ein har vore ute, eller når ein skal ha ryddetid før ein skal ete.

Førebuing var eit nøkkelord som gjekk igjen i alle intervjuet. Alle intervjupersonane var samde om at det vil være svært viktig å førebu eit særleg sensitivt barn på kva som skal skje i barnehagen.

Intervjuperson 3 sa at det vil vere viktig å førebu barnet i overgangssituasjonar, og då særleg når ein har vore ute og lika, og ein då skal gå inn igjen. Slike situasjonar kan opplevast som vanskelege på grunn av at barnet er i leik, og barnet då må avslutte leiken sin.

#### 4.3.3 Foreldresamarbeid

Alle intervjupersonane var innom foreldresamarbeid i fleire av spørsmåla mine.

Intervjuperson 1 sa at foreldrekontanten er svært viktig: ”for måten dei blir møtt på blir igjen overført til barnet”, og trekk vidare fram at det viktigaste er at ein får foreldra med seg på laget. Ho la vekt på at ein i samband med foreldra kan lage mål for barnet, slik at barnet på denne måten kunne utvide grensene sine og utforde seg sjølv.

Intervjuperson 2 peika på at den daglege kontakten med foreldra er viktig, og at ein då kan prate om korleis barnet har det. Vidare peika han viktigheten av at ein får vite om det skjer noko i livet til barnet som kan påverke kvardagen.

Intervjuperson 3 opplevde at det var svært hjelpsamt å starte tidleg med god foreldrekontakt. Ho opplevde at å ha ein oppstartssamtale før barnet startar i barnehagen kan fungere som ein god hjelp, og at ein då kan få informasjon om barnet, slik at ein kan leggje kvardagen opp på ein best mogleg måte. Vidare sa ho at god kommunikasjon med foreldra heile tida vil vere sentralt, og at ein pratar undervegs om korleis dei opplev barnet sitt, og motsett.

#### 4.3.4 Kvardagsaktiviteter

Ved spørsmål knytt til kvardagsaktivitetar, og om dei særleg sensitive barna skal delta i alle kvardagsaktivitetar eller om det skal bli skjerma, kom det fram litt ulike synspunkt frå intervjupersonane. Intervjuperson 1 la vekt på at dei særleg sensitive barna gjerne kan bli likestilt med dei andre barna på avdelinga, men at dei gjerne kan få velje litt sjølv. I det la ho at om dei kjenner at det blir for mykje, at dei då har mogleghet for å trekke seg litt vekk eller gjere noko anna.

Intervjuperson 2 hadde fokus på at det er viktig at dei særleg sensitive barna ikkje går glipp av den sosiale biten saman med dei andre barna, og at barnet kan prøve å gå inn og ut av situasjonen og heller trekke seg tilbake om det blir for mykje. Han påpeikar at det er viktig at ein gir barna fleksibiliteten, og at dei kan få sjå på, slik at dei gjerne tør å kome inn i situasjonen når dei er klare, særleg om det er ein ny situasjon. Vidare legg han vekt på at det vil vere viktig for eit særleg sensitivt barn at det får lov til å observere på førehand, og sjølv avgjere situasjonen, og at ein startar litt forsiktig. Han sa vidare at ”av og til er det skilnad på likt og rettferdig, om ein behandler nokon ulikt, er det likevel rettferdig”.

Intervjuperson 3 svara at dei særleg sensitive barna gjerne kan bli litt skjerma, og at ein må sjå korleis barnet reagera på situasjonen. ”Du ser med ein gong kor mottakelege dei er, og nokon treng berre å sitte å sjå på den første gongen, også blir dei meir og meir interessert.” Ho trekk vidare fram at det ikkje er om å gjer at alle skal vere med på alt, og at dei særleg sensitive barna kan få moglegheit til å kome når dei vil og når dei er klare. Då legg ho vekt på at dei særleg sensitive barna brukar lenger tid til å kome i gang med ting, særleg nye ting, og at det er viktig at den vaksne møter barnet der barnet er.

#### 4.3.5 Vikarar

Intervjupersonane var samde om at det kan vere utfordrande om det kjem inn nye folk i barnehagen. Dette var særleg knytt opp mot når dei får inn vikarar på avdelinga.

Intervjuperson 1 sa at kjønnet til vikarane kan ha mykje og seie, og at ho hadde erfart at det kunne vere vanskeleg om det kom mannlege vikarar på avdelinga, mens kvinnelege vikarar gjekk fint. Ho opplevde at det særleg sensitive barnet haldt seg på avstand og tok ikkje kontakt med vikarane, uavhengig av kjønn, med mindre vikaren hadde vore der over ein lenger periode. Intervjuperson 2 hadde opplevd at nokre vikarar blei tatt godt i mot, og andre ikkje. Han opplevde at det kjem heilt ann på personen som kjem inn. Skal vikaren vere der over ein lenger periode, kan det vere enklare, då ein kan fortelje dette til både foreldra og barnet, slik at ein kan førebu barnet. Intervjuperson 3 sa at ho opplev særleg sensitive barn som vare ovanfor nye menneskar, og dette gjer at dei kan reagere om det kjem inn nye menneskar, og at slike situasjoner kan bli vanskelege. Ho påpeika at det i slike situasjoner er viktige at nokre av dei faste tilsette på avdelinga er på jobb, slik at ein kan vere i forkant og organisere dette på best mogleg måte.

## 5.0 Drøfting av empiri

### 5.1 Omgrepet særleg sensitiv

Både Intervjuperson 1 og intervjuperson 2 opplev at dei særleg sensitiv barna er vare for lydar. At barna er vare for lydar stemmar overeins med det Aron (2017, s.18) seier. Ho seier at dei særleg sensitive er merksemd på lydar, og det høge nivået av tankar og kjenslene deira omarbeider inntrykka.

Intervjuperson 2 trakk fram at det er viktig at dei vaksne prøvar å forstå korleis barnet har det, og at han opplev at dei særleg sensitive barna tar inn meir sanseintrykk enn andre barn. Dette

samsvarar med både det Svatun (2017, s. 16-17) og Aron (2017, s.14) skriv noko om. Svatun (2017) peikar på at nervesystemet til dei særleg sensitive barna er uvanleg fintfølande, som igjen gjer at desse barna vil vere ekstra mottakelege for sanseinntrykk. Aron (2017) går nærare inn på at det særleg sensitive barnet blir overstimulert på grunn av omarbeiding av sanseinntrykka. Dei særleg sensitive barna fangar opp små detaljar som dei brukar lang tid på å omarbeide og reflektere over.

Observasjon var eit nøkkelord som gjekk igjen hos intervuperson 3. Ho opplev at barnet brukar mykje tid på å observere alt som skjer rundt dei. Observasjonen blir knytt til at barnet har behov for å trekke seg vekk og observere situasjonen på førehand før barnet eventuelt går inn i situasjonen. Ho opplev òg at det særleg sensitive barnet studera dei vaksne og handlingande deira. Dette samsvarar med det August, Faye-Schøll & August (2016, s.27) skriv. Dei skriv at det særleg sensitive barnet brukar tid på å sjå ann situasjonen på førehand, dei stoppar opp og nyttar seg av førebuing før dei vel om dei vil delta i situasjonen eller ikkje. Dette er knytt til dei fleste situasjonane i barnehagen, og særleg knytt til leikesituasjonar seier August, Faye-Schøll & August (2016, s.150) at barnet på førehand observerer korleis leiken er, korleis samspelet mellom leikekameratane er og om det er nokre barn som har det vanskeleg i situasjonen.

## 5.2 Tryggleik

Alle intervupersonane trakk fram betydinga av trygge vaksne i barnehagen, og ifølgje August, Faye-Schøll & August (2016, s. 100) har dei særleg sensitive barna eit større behov for tryggleik. Vidare blir det påpeika at desse barna vil bli meir påverka og avhengige av ein trygg kontakt til dei vaksne i løpet av åra i barnehagen. Korleis dei vaksne gir tilbakemeldingar til både barnet sjølv og dei andre barna har stor påverknad på korleis barnet opplev den vaksne, og spelar ei sentral rolle. (August, Faye-Schøll & August, 2016, s.143).

## 5.3 Barnehagekvardagen

### 5.3.1 Små grupper

I etterkant av intervjeta har eg fått ein større innsikt kring dei særleg sensitiv barna og kva som kan vere viktig element i for dei i barnehagekvardagen. Alle intervupersonane trakk fram viktigheita av å lage små grupper, og at ein seinare kan utvide gruppene, slik at dei særleg sensitiv barna får utfordra seg meir. Dette er i tråd med det Strand (2015, s. 23) skriv. Strand

(2015) trekk fram at å lage små grupper kan vere lurt. Dette vil vere ein situasjon kvar barnet vil vere meir skjerma, og ein kan etterkvart lage større grupper for å utvide komfortsonen til barna. Det er viktig at dei vaksne i barnehagen blir kjend med barna slik at dei veit kva som er greitt og kva som ikkje er greitt for det eventuelle barnet.

### 5.3.2 Overgangssituasjonar og førebuing

Intervjupersonane var einige i at overgangssituasjonar kan opplevast som utfordrande, og at det i desse tilfella vil vere viktig at ein er bevisst på å førebu barnet på det som skal skje i barnehagen. Sett i lys av Aron (2017, s.211) si tenking om det særleg sensitive barnet er dette eit svært viktig element. Aron (2017) peikar på at barna heile tida står ovanfor overgangssituasjonar gjennom heile dagen sin i barnehagen, og at det difor vil vere viktig at dei vaksne i barnehagen er med på å hjelpe barnet. Dette kan vere med på å gjere overgangssituasjonane enklast mogleg. Her kan førebuing vere til stor hjelp for både barnet og dei vaksne i barnehagen. Å førebu barnet vil alltid vere eit sentralt element slik at barnet på førehand kan vite kva som skal skje, og at dette vil vere med på å gje overgangssituasjonane mykje enklare, og kanskje til ein meir positiv setting.

### 5.3.3 Foreldresamarbeid

Å ha eit godt foreldresamarbeid vil i alle situasjonar vere sentralt i barnehagen, men det vil vere ekstra viktig når ein skal leggje til rett for den gode barnehagekvardagen for dei særleg sensitiv barna. Intervjupersonane peika på at foreldresamarbeidet er viktig, og at dette samarbeidet vil vere med på å påverke trivselen til barnet i barnehagen. Strand (2015, s.23) skriv at å samarbeide med foreldra kan vere lurt og at dette kan vere med på å gje barnet tryggleik. Eit godt foreldresamarbeid vil spegle seg i korleis barnet har det i barnehagen, difor vil det uansett situasjon vere viktig at ein har ein god tone med foreldra.

### 5.3.4 Kvardagsaktiviteter

Intervjuperson 1 og 2 var begge samde om at dei særleg sensitive barna gjerne kan vere med i dei same kvardagsaktivitetane som dei andre barna, men at det er viktig at barnet får gå inn i situasjonen i sitt eige tempo. Dette er i tråd med det August, Faye-Schøll & August (2016, s.24) seier om kvardagsaktiviteter. Dei påpeika at dei særleg sensitive barna på lik linje med andre kan delta i kvardagsaktiviteter, og at dei klarar seg godt.

Intervjuperson 3 peika på at ein gjerne kan skjerme dei særleg sensitiv barna litt, og at ikkje alle har behov for å vere med på alt. Dette kan sjåast opp mot artikkelen til Strand (2015, s. 23) kvar ho stillar spørsmål til nettopp dette. I arbeidet i barnehagen er det viktig å tenke på at barn er forskjellige, og at ikkje alle har behov for eller treng å vere med på alt. Barnehagekvardagen er fylt med mange element, og barna vil uansett oppnå læring, erfaringar og få nye opplevingar, sjølv om dei ikkje deltek i alt som skjer.

### 5.3.5 Vikarar

I intervjuet kom det fram frå alle intervjupersonane at det kan vere ein utfordring om det kjem inn nye folk i barnehagen, særleg knytt til vikarar. Svatin (2017, s. 16-17) seier noko om at dei særleg sensitive barna treng tid til å vurdere situasjonen før dei tør å kaste seg ut i noko ukjent. Dette stemmer overeins med korleis intervjuperson 1 opplev desse barna. Ho opplev at dei særleg sensitive barna tar avstand og ikkje tar kontakt med vikarane som kjem inn i barnehagen. Skal ein gå ut i frå det Svatin (2017) seier, vil det vere på grunn av at barnet brukar tid på å vurdere situasjonen på førehand, og at i denne situasjonen vil det vere vikaren som kjem inn som blir vurdert av barnet.

Intervjuperson 2 opplevde at det var skilnad på korleis vikarane blei tatt i mot, og at dette kunne variere veldig. Her nemnde han at det òg vil vere skilnad på om vikaren skal vere der over ein kort eller ein lang periode, og at ein kan få hjelp av foreldra med å førebu barnet om ein veit at vikaren skal vere der over ein lengre periode. Aron (2017, s.211) fokuserer på at førebuinga er viktig, og at den kan fungere som ein god hjelp. Barnet har med førebuinga moglegheit til å ta innover seg at det kjem ein ny person inn i barnehagen, og kan på ein heilt anna måte møte denne personen. Intervjuperson 3 opplev dei særleg sensitiv barna som vare ovanfor nye menneskar, og at det vil vere viktig at nokon av dei faste vaksne er tilstade på avdelinga når det kjem inn nye menneskar. Dette kan ha med både at dei treng tid til å førebu seg på sjølv situasjonen og at dei brukar tid på å observere den aktuelle situasjonen på førehand. Ein ny vikar vil vere ukjent for barna i barnehagen, og difor må ein gi rom for at barna skal få moglegheit til å vende seg til situasjonen, og barna treng ikkje å hoppe ut i noko dei ikkje er komfortabel med.

## 6.0 Avslutning

Innleiingsvis i oppgåva antok eg at det var for lite kunnskap om dei særleg sensitive barna i barnehagen. Gjennom intervjeta fekk eg bekrefta dette om at det ikkje er nok kunnskap om desse barna, og at dette absolutt er noko dei einstilde barnehagane må arbeide med. Korleis skal ein elles klare å støtte og hjelpe barna ut ifrå deira behov og føresetnadar som rammeplanen (Utdanningsdirektoratet, 2017, s.19) slår fast at vi skal gjere?

I rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver står det at ein skal planleggje den pedagogiske verksemda etter kunnskap ein har om triveselen til barna og den allsidige utviklinga deira, både på det individuelle planet og i grupper (Utdanningsdirektoratet, 2017, s.37). Om ein ikkje har nok kunnskap om alle barna, vil ein ikkje klare dette på ein god måte.

### 6.1 Konklusjon

Med bakgrunn i problemstillinga: ”Korleis kan personalet legge til rette for ein god kvardag for dei særleg sensitive barna i barnehagen? Kva utfordringar kan personalet møte i forhold til dette?” har eg ut frå empiriske funn sett at intervjupersonane stort sett er samde om kva som skal til for å legge til rette for ein god barnehagekvartdag for dei særleg sensitiv barna.

Nøkkelord intervjupersonane drog fram i intervjeta var å dele inn i små grupper, førebuing, foreldresamarbeid, vikarar og overgangssituasjonar. Her blei overgangssituasjonar og vikarar sett på som utfordrande element i barnehagekvartdagen, og at førebuing vil spele ei sentral rolle i slike situasjonar.

### 6.2 Vegen vidare

Arbeidet med avhandlinga har gjort at eg har laga meg ein større kunnskapsbase kring omgrepene særleg sensitiv, og har fått ei større innsikt i kva som kan vere viktig for desse barna i barnehagen. Eg har òg fått enda meir interesse for dei særleg sensitive barna, og eg har fått innsikt i kva betydning kunnskap har å seie for arbeidet i barnehagen. Kunnskapen vil i denne samanhengen vere nøkkelen til korleis ein skal møte dei einstilde barna. Noko av det viktigaste eg har lært er dessverre at det er for lite kunnskap om dei særleg sensitive barna.

Som framtidig barnehagelærar vil eg ha fokus på at ein alltid skal møte alle barna der dei er, og eg vil alltid prøve å finne ut kjelda til kvifor dei einstilde barna i barnegruppa reagera slik som dei gjer, eller handlar som dei gjer. Prosessen med sjølvoppgåva har vore krevjande,

men arbeidet har i stor grad fått meg til å reflektere, tenke over og utfordre ferdighetene som eg sitt med. Eg ser i ettertid at det hadde vore interessant å trekke dei særleg sensitive barna meir inn i tilknytingsteori, og at ein kunne ha brukt ein stor del av oppgåva til å drøfte kva betyding tilknyting eigentleg har for dei særleg sensitive barna. Samtidig kunne eg tenkt meg å fokusere meir på foreldreperspektivet, då eg tenkjer at det er viktig at dei tilsette i barnehagen får vite kva foreldra tenkjer, og viktigeita av at dei blir inkludert. Eg håpar at oppgåva mi kan vere til nytte for både føresette og tilsette i barnehagen, og at den kan hjelpe dei særleg sensitive barna for å få ein best mogleg kvardag i barnehagen. Blir fleire av dei som arbeidar i barnehagen bevisst på kvar stort mangfaldet blant barna barnegruppa eigentleg er, vil ein enda enklare klare å møte dei einskilde.

## Kjeldeliste

- Aubert, V., & Alstad, B. (1985). *Det skjulte samfunn* (Ny utg. ed.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Aron, E., & Kraft, N. (2013). *Særlig sensitiv : La sårbarheten bli din styrke*. Oslo: Cappelen Damm.
- Aron, Windt-Val, & Windt-Val, Benedicta. (2017). *Særlig sensitive barn*. Oslo: Cappelen Damm.
- August, L., Faye-Schøll, B., & August, Martin. (2016). *Sensitive barn i pedagogisk arbeid : Fra sårbarhet til styrke*. Oslo: Kommuneforl.
- Befring, E. (2014). *Forskningsmetode med etikk og statistikk*. Det Norske Samlaget.
- Dalland, O. (2017). *Metode og oppgaveskriving* (6. utg. ed.). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Jacobsen, D. (2010). *Forståelse, beskrivelse og forklaring : Innføring i metode for helse- og sosialfagene* (2. utg. ed.). Kristiansand: Høyskoleforl.
- Larsen, A. (2007). *En enklere metode : Veiledning i samfunnsvitenskapelig forskningsmetode*. Bergen: Fagbokforl.
- Larsen, A. (2017). *En enklere metode : Veiledning i samfunnsvitenskapelig forskningsmetode* (2. utg. ed.). Bergen: Fagbokforl.
- Malt, U. (2015). *Empati*. Henta frå: <https://snl.no/empati>
- Strand, B. C. (2015). Det særlig sensitive barnet. *Første steg*, 14(4), 22-23. Henta frå: [https://www.hsperson.no/wp-content/uploads/2017/01/Artikkel\\_Foerste\\_steg.pdf](https://www.hsperson.no/wp-content/uploads/2017/01/Artikkel_Foerste_steg.pdf)  
<https://cld.bz/bookdata/beKUGat/basic-html/page-22.html>
- Svatun, B. (2017). *Høysensitive barn: i barnehagen og hjemme*. Oslo: Kommuneforlaget

Utdanningsdirektoratet. (2017) *Rammeplanen for barnehagens innhold og oppgaver*. Oslo:

Utdanningsdirektoratet.

# Vedlegg 1

## Intervjuguide

### Innleiing

1. La intervjugersonen skrive under på informasjonsskrivet og forklare hensikta med intervjuet.
2. Forklare om anonymitet og teieplikt
3. Stille intervjugersonen spørsmålet: Kva legg du i omgrepet særlig sensitiv?

### Tilrettelegging i barnehagen

#### Korleis skal ein skape eit godt miljø for eit særlig sensitivt barn i barnehagen?

- Kva tenkjer du at er viktig å ha særlig fokus på knytt til dei særlig sensitive barna i barnehagen?
- Kva kan vere utfordrande kring tilrettelegging i barnehagen? Kvifor det?
- Kva gjer de når de merkar de at eit særlig sensitivt barn er overstimulert?
- Kva tenkjer du om kvardagsaktivitetar – skal eit særlig sensitivt barn delta i alt, eller er det situasjonar kvar ein bør skjerme barnet? Viss ja; gje nokre døme.
- Særlig sensitive barn kan vere svært vare for skarpe stemmar og kritikk. Korleis blir det gitt tilbakemeldingar i din barnehage?
- Korleis taklar dei særlig sensitive barna endringar i barnehagen? Med særlig fokus på vikrar, overgangssituasjonar, feiring av t.d. jul, nyttårsball i barnehagen osv.
- Korleis kan du hjelpe eit særlig sensitivt barn å utvide grensene sine, slik at barnehagekvardagen vil bli best mogleg?

### Foreldresamarbeid

- Korleis opplev du samarbeidet mellom foreldre og barnehage?
- Kva samarbeid legg de til rette for? Møte, foreldresamtale e.l.

### Belastning eller ressurs?

- Kvifor vil det for eit særlig sensitivt barn vere viktig at det blir utfordra på ein anna måte enn andre barn?
- Korleis tenkjer du at eit særlig sensitivt barn kan vere ein ressurs til barnegruppa/avdelinga?

## Vedlegg 2

Til \_\_\_\_\_

### Førespurnad om deltaking i forskingsprosjekt "La orkidébarna vekse!"

#### Formål

Eg heiter Rebecca Vihovde og er 3. Årsstudent på barnehagelærarstudiet på Høgskulen på Vestlandet, campus Sogndal. I mitt prosjekt ynskjer eg å innhente erfaringar og kunnskap til intervjugersonane kring problemstillinga eg har valt.

Problemstillinga eg vil belyse er: **Korleis kan personalet leggje til rette for ein god kvardag for dei særleg sensitive barna i barnehagen? Kva utfordringar kan personalet møte i forhold til dette?**

#### Datainnsamling

I mitt prosjekt ynskjer eg å bruke eit kvalitativ forskingsintervju. Intervjuet kan ta mellom 30-60 min. Gjennom intervjuet ynskjer eg å hente erfaringar og kunnskap frå fagpersonar knytt til problemstillinga eg har skrive om ovanfor. Dataen eg får, vil bli tolka, analysert og drøfta opp mot relevant litteratur. For at eg skal klare å få med meg alt gjennom intervjuet, ynskjer eg å bruke lydopptak. Dette vil bidra til at eg ikkje mistar nokre gode poeng, og at eg kan fokusere på samtalen. I etterkant av intervjuet vil eg transkribere og anonymisere lydopptaket.

#### Etiske omsyn

All innsamla data og lydopptak vil bli sletta etter at oppgåva er levert 2. Januar 2018. Gjennom prosjektet mitt har både eg og rettleiar teieplikt, og eg vil difor ikkje bringe nokre opplysningar vidare i mitt prosjekt, utan at intervjugersonen har blitt gjort anonym, eg vil altså behandle informasjonen konfidensielt. Det er berre eg og rettleiaren min som har tilgang på dataen eg har samla inn. Korleis intervjugersonen ynskjer å bli framstilt i oppgåva er valfritt og er noko vi kan avtale etterkvart.

#### Frivillig deltaking

Deltaking i prosjektet mitt er frivillig, og det er fult mogleg å trekke samtykket sitt utan at intervjugersonen må seie grunnen. Ved spørsmål kan de nå meg på telefon: 90923480 eller e-post: [rebeccavihovde@hotmail.com](mailto:rebeccavihovde@hotmail.com)

#### Min rettleiar

Kirsten Helen Flaten (E-post: [kirsten.helen.flaten@hvl.no](mailto:kirsten.helen.flaten@hvl.no)).

I dette intervjuet har eg delt spørsmåla inn i følgjande tema:

- Tilrettelegging i barnehagen
- Foreldresamarbeid
- Belastning eller ressurs?

#### Samtykke

Samtykke for bruk av lydopptak

Ja

Nei

Eg har mottatt informasjonen din, og er villig til å delta i prosjektet

---

Signatur intervjuperson og dato

Vennlig helsing  
Rebecca Vihovde

---

Signatur student og dato